



Pressemelding 07.05.2021 frå XtremEid fjord

Åsnes Expedition Amundsen vert lagt ned etter 10 år

Heilt sidan 2010, då starten gjekk ved Norsk Villreinsenter på Skinnarbu, har deltarane i Åsnes Expedition Amundsen fått ei innføring i kor viktig villreinen er for bygdene rundt Hardangervidda og kor sårbar den er for forstyrningar. Med eit godt samarbeid med SNO som rekognoserte kor reinen var når løpet gjekk, forplikta arrangøren, foreininga XtremEid fjord, å leggja løypetraseen slik at ikkje dyra vart uroa. I alle desse åra har arrangøren vore oppteken av at løpet ikkje skulle koma i konflikt med villreinen.

Arrangementet har fått status som «verdas hardaste skiløp», og vorte veldig populært. Med max 200 deltarar har det vore stor rift om plassane. Aktørane bak XtremEid fjord har vore stolte av dette arrangementet som gjev ei stor naturkjensle og meistrings følelse både for deltarar og crew. Og med ein miljøprofil dei kunne stå inne for: Minimal motorferdsel, nulltoleranse for forsøpling, streng utveljing for kven som fekk delta, og alternative ruter for å unngå forstyrningar for reinen.

I alle år har det vore god dialog med SNO og Statsforvaltaren, og lokal styring med kompetanse for sikkerheit i fjellet, villreinen og omsyn til naturen, har gjort at arrangementet har vorte gjennomført på ein god måte alle desse åra.

Villreinen på Hardangervidda er under hardt press. Leveområda deira krympar stadig på grunn av diverse utbyggingar i villreinområde og rundt vidda. I tillegg til aukande motorferdsel og anna menneskeleg aktivitet, store deler av året. Det er kanskje ikkje den einskilde aktiviteteten/arrangementet som villreinen reagera på, men det er summen av all aktivitet som går utover levevilkåra deira.

Villreinen på Hardangervidda er den største stamma i Europa og utgjer 30% av all vill fjellrein på kontinentet vårt. Men helsetilstand og kondisjon på dyra er ikkje tilfredsstillande.

For å få betre kontroll på dei ulike faktorane som påverkar villrein, har miljødirektoratet utarbeida ei heilt ny kvalitetsnorm for villrein. Den vil vurdera ei lang rekke tiltak for å betra tilhøva for villreinen, inkludert å begrensa ferdsel i ulike deler av villreinområdet til ulike tider av året.

Ein trur ikkje at Åsnes Expedition Amundsen i seg sjølv fører til at reinen vert direkte skadelidande, men det eine fører gjerne det andre med seg; bl.a. at fleir og fleir trenar til løpet, både i traseen og ellers på Hardangervidda, frå snøen legg seg seinhaustes og så lenge det er skiføre. Og dei har gjerne ikkje kunnskapen eller tilgjengeleg informasjon for å ta tilstrekkeleg omsyn til villreinen.

Så av hensyn til villreinen og dei kritiske levevilkåra deira, ynskjer XtremEid fjord no å legge ned arrangementet Åsnes Expedition Amundsen som har gått i traseen Haukelisæter – Hellevass – Litlos – Viersla – Maurset. Dette trass i at arrangementet betyr mykje for arrangøren XtremEid fjord, næringslivet i Eidfjord og bygdene rundt. **Men villreinen betyr meir.**

Kontakt:

Kari Varberg Øydvin
Gründer ÅEXA
Tlf 94835430

XtremEidfjord

Adrian Hus
Løpsleiar ÅEXA
Tlf 95028178

Styret v/ leiar Irene Bjotveit Sæbø
Epost post@xtremeeidfjord.no

www.xtremeeidfjord.no